

Saksbehandlar: Einar Ulla
Avdeling: Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 13/7937-1

Årsplan for kontrollutvalet 2014

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek vedlagte årsplan for 2014 til vitande.

Vedlegg:

- Årsplan kontrollutvalet 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Kontrollutvalet godkjende eigen verksemdplan i KU-sak 39/12, og fylkestinget vedtok planen i FT-sak 52/12. Planen inneheld ansvar og arbeidsoppgåver for utvalet. Verksemdplanen er meint å dekkje behovet for å ha ein overordna plan for kontrollutvalet sitt ansvarsområde for kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemda.

Det er i tillegg viktig for kontrollutvalet å få på plass ein årsplan som på eit meir operativt nivå inneheld dei planlagde aktivitetane til utvalet gjennom året. Årsplanen har tidlegare år vore lagt fram som skriv, melding og orientering. I år vert den lagt fram for utvalet som eiga sak. Dette for å få eit sterkare fokus på planen.

2. Vurdering

Planen er lagt opp slik at den regulerer kva kontrollutvalet skal handsame og få orientering om i det einskilde møte gjennom året. Den skal med andre ord vere eit hjelpemiddel for å få med seg alle aktivitetane til utvalet og at dei skjer i ei fornuftig rekkjefølgje.

Utvalsemedlemmane vil, med ein slik plan, lettare kunne følgje opp at dei får framlagt det som er avtalt til rett tid.

Det er fylkestinget som har det overordna ansvaret for kontroll og tilsyn i fylkeskommunen. Kontrollutvalet er fylkestinget sitt utøvande kontrollorgan, og skal føre løpande kontroll og tilsyn med forvaltninga på vegne av fylkestinget.

Det er i årsplanen lagt opp til å handsame saker som skal vidare til fylkestinget i møte som er i framkant av fylkestingsseta. Sakene frå kontrollutvalet vert planlagt handsama slik at fylkestinget får eit nokon lunde jamt tilfang av saker frå utvalet, men kontrollutvalet har

sjølvsagt alle moglegheiter til å sende saker til handsaming i fylkestinget utover det som er planlagt.

Det er i tillegg lagt inn konferansar, studiereiser, politikardagar og fylkesting som kontrollutvalsmedlemmane deltek på. Det er viktig at kontrollutvalsmedlemmane har god kontakt med sine politiske grupper, slik at kontrollutvalet sine saker er kjende og gjerne diskuterte i dei politiske gruppene i framkant av fylkestingsseta.

4. Konklusjon/tilråding

Kontrollsjefen legg fram årsplanen for kontrollutvalet med ei tilråding om å ta planen til vitande. Det er opp til utvalet om dei ynskjer å gjere endringar i planen. Planen skal vere eit reiskap for å sikre at kontrolloppgåvene vert utført på ein trygg og god måte.